

Vedtak i namnesak 2020/316 og 2020/443. Stadnamn på Hardangervidda i Vinje kommune.

Johan Vaa og eg har drøfta fylgjande namn og blitt eining om:

Alle stadnamn som byrgjar med koll, så som store Kollsnut osv, bør truleg i dag ha dobbel l. Det står rett nok på fleire eldre kart frå 1930- og 1950-talet at Kol er skriven med ein l, men i fylgje normert rettskriving er det i dag kanskje best å bruke dobbel l. Dette har liten betydning. Det blir same uttalen, uansett.

Når det gjeld Kollsnutgryslene, meiner eg så avgjort det må vera **Kollsnutgryslene**. Det namnet har eg bruke i 60 år.

Kostveitvatnet er feil. Slik har vatnet aldri blitt uttala. Vatnet heiter **Kostveitvatn**. Det også har eg bruka i minst 60 år

Når det gjeld Filleherbergvatn, har eg aldri høyrte uttala Filleherbergvatni. Det er rett nok fleire skramletjønnar etter kvarandre i steinurda, men eg har alltid høyrte og bruka **Filleherbergvatn**.

For Rauland Historielag

Birger Kjellingtveit
(sign)